



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
16/204-16/K1 - 033, K3 - &29/OLAT

Dykkar ref.

Dato:
08.09.2016

Ferjekai på Skorpa i Flora kommune

Ferjekai på Skorpa i Flora kommune

Viser til innsendt søknad 08.06.2016, vedr. ferjekai på Skorpa, og ber om at dette brev med ytterligere tilføyningar/ moment leggst ved søknaden for behandling i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt hovudutval for samferdsle, ved møte den 27.09.2016.

Ytterligere moment for Ferjekai på Skorpa

I planprogram «strategisk plan for kysten 2017-2025 for Sogn og Fjordane», som pr. d.d. er på høyring hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune, står det fleire stadar om behovet for å utvikle meir effektive og miljøvennlige samferdsleløysingar samt tiltak for å etablere infrastruktur knytt til beredskap og tryggleik. Vidare omtalar planen samfunns mål med følgjande: *utvikle attraktive lokalsamfunn langs kysten, med vekt på busetnad, trivsel, arbeidsplassar og bruk av natur- og kulturinteresse*."

I same planprogram har ein sitert frå St.meld nr.25(2008-2009) «Lokal vekst og framtidstru der eit av hovudmåla er å gje lokalsamfunn evne til å nytte lokalt handlingsrom og styrkje den lokale vekstkrafta.»

Etablering av ferjekai på Skorpa er eit prosjekt som vil være i tråd med opp- folging av omtalte handlingsplan. For Flora kommune og Skorpa er dette eit svært viktig og naudsynt prosjekt, samtidig og ein viktig milepæl der ein fullfører eit samarbeidsprosjektet mellom Flora kommune og fylkeskommunen «*ferjekaiar i Florabassenget*» der 5 andre kaiar har lått monterte ferjeler. Slik situasjonen er i dag utgjør mangelen på ferjekai flaskehalsen for realisering av planar om hyttefelt og ny busetnad på Skorpa. Planen omfattar eit hyttefelt med 10 hytter, samt avsetnad av areal på same gardsbruk til bustadtomter. Slik det er pr. d.d.: *er det for kostbart, og alt for tungvint, å frakte bygningmateriell, maskiner mm til bygda*, skriv utbyggerane. Dette er og situasjonen ved ulike vedlikehaldsoppdrag på den fylkeskommunale vegen og Flora kommune sine vedlikehaldsoppdrag.

Fram til og med ca. 2014 kunne ein ta med bil på båt til Skorpa. Ordninga var at ein løfta bil/ kjøretøy/ maskiner på land med stropper. Denne ordninga opphørde, utan nokon form for informasjon til bebuarane på Skorpa, som er avhengig av å kunne transportere bil/ utstyr/ dyretransport/ byggevarer med på bil osv.

Marknaden for reiseliv er veksande og for reiselivsbedriftene og reiselivsformidlarane er det avgjerande å ha ein infrastruktur som gjer det mogleg å kunne utvikle reisemål og tilbod dei stadar der det fortsatt bur folk. Samfunnsnytta av slike investeringar er stor og i tillegg til å oppretthalde

busetnaden vil ein kunne få konkurransedyktige prisar på etablering av bustadhus, hyttefelt og ulike aktivitetar knytt til direkte bruk av området for alle.

Eit utvida kollektivtilbod der en og kan få på land bilar både privatbilar, tilrettelagde bilar og firmabilar samt større maskiner er og meir klimavenleg enn at kvar enkelt skal sørge for eigne løysingar.

Eit av hovudmåla for transportpolitikken fastlagt gjennom NTP 2014-2023 er

– Betre framkommelighet og reduserte avstandskostnader for å styrke konkurransekraften i næringslivet, og for å bidra til å opprettholde hovudtrekkene i bosettingsmønsteret.

Etablering av ferjekaiar i florabasenget er eit verkemiddel for å nå dette målet, og her har Skorpa ufrivillig kome på etterskot.

Flora kommune har satt av midlar til dette prosjektet i vårt investeringsbudsjett og håper ein på line med etablering av dei andre ferjekaiane kan fullføre dette gode prosjektet i samarbeid med fylkeskommunen. Dei økonomiske utfordringar Flora kommune står ovafor og utviklinga i arbeidsmarknaden siste tida gjer at vårt ynskje om økonomisk samarbeid i prosjektet ikkje er redusert.

Med helsing

Ola Teigen
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur

Kopi til:

Einar Atle Årdalsbakke
Jan Henrik Nygård

PLAN OG SAMFUNN plan og samfunn